



Stemning i årestova, Kristian Olav Bringedal innleiar


**Skimuseet i Holmenkollbakken har ein stor mangel: Det gjer inntrykk av at Vestlandet nærmast ikkje har nokon skitradisjon. Men det er ikkje sant og Arne Høyland frå Lindås er no iferd med å retta opp dette inntrykket. Til jul kjem han med ei bok som slår fast at også vestlendingane har nytta ski gjennom hundrevis av år.**

**Det opplyste han i ein orientering med presentasjon av Vestland-ski under museusdagen på Rød i ettermiddag.**



Bjørngulv Eik presenterar gamleskiene sine

Og at også vi har ein solid skitradisjon vart skikkeleg dokumentert både gjennom lokale 'vitneutsegn' og ski som vart presentert. Til dømes kunne både Bjørngulv og Ståle Eik visa fram ski som Sigvald Eik hadde laga til dei.  
- Vi hoppa mykje og difor vart det også mange skibrot, mintes Ståle.



[Sokneprest Jan Ove Totland opna med gudsteneste i røykstova](#)

Det vart også presentert ei samling frå Inger Elise Helgeland og ski som museet sjølv eig - mellom anna eit skipar av ask frå 1800-talet.

Høyland tok til å interessera seg for dette temaet på 1990-talet og då var han også innom Uskedalen for å registrera gamle ski.

Dei eldste skiene har han registrert i Hålandsdalen. Det er ein modell som er breiast framme som går att her vest. Ikkje minst på Osterøy har skigranskaren registrert mange slike ski. På hans trakter og i Sogn er det helst bjørkeski som går att medan ask er meir nytta sørover i fylket.



Marit Langballe hadde ansvaret for serveringa, her er ho saman med mannen Oscar og kunde Svein Rimestad. Rundt 40 var med på museumsdagen, der sokneprest Jan Ove Totland held gudsteneste i røykstova som innleiing på denne såmannssundagen. Arrangør Kristian Olav Bringedal var som tradisjonen tilseier i rollene både som organist og klukkar.



Millepeler i skihistoria: Hvidtfeldt og Rottefella

Matøkta hadde Marit Langballe frå Skorpo denne gongen eit vellukka ansvar for, særleg med hjorteburgarar!



Ståle Eik med dei fyrste skiene sine

Hesteskokasting var også denne gongen ein populær aktivitet og vi noterte oss at veterinær Svein Rimestad naturleg nok var på eit høgt plan i denne sporten men han måtte gje tapt for Leiv Håkon Kaldestad. Dysten var skarp og Margit Eik fekk tredjeplassen fyrst etter omkasting med 2 andre.

Programmet vart runda av med eit fascinerande gløtt inn i fortida

- det vil seia inn i den gamle årestova som har vore bustad for folk gjennom 1000 år. Ole Didrik Lærum, Reidun Horvei og Laila Kolve hadde programmet som gjennom forteljing og tonar gjev oss eit inntrykk av korleis folk hadde det i desse stovene, ikkje minst i dei lange kveldsstundene. Også i Omvikdalen vert dette programmet presentert under runden til trioen i våre trakter.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen